



NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua


0301 OSLO

Ulstein og Hareid kommune.

Tiltak i vassdrag - Tussa Energi AS. Fråsegn til søknad om løyve til endra reguleringsregime i Litlevatn og Mosvatn.

Bakgrunn

Ulsteindalen kraftverk (1917) har ei fallhøgde på 196 m med inntak i Litlvatn. Det blir søkt om nytt reguleringsregime for Litlevatn og Mosvatn der HRV blir senka med høvesvis 2,0 og 1,4 m.



Pga. av krav i damsikkerheitsforskrifta skal eksisterande platedam ved Litlvatn erstattast med ein ny dam. Det skal vidare etablerast overløp og ein avløpskanal i sørrenden av Litlevatn.

Merknader

Området rundt vatna er del av eit større viktig friluftsområde (Ulsteinfjella). Det er etablert tilkomstveg til Litlvatn og gang/tursti vidare til Mosvatn. Desse skal nyttast under arbeidet og må utvidast/forsterkast noko, men skal tilbakeførast til dagens tilstand etterpå. Ei senking av HRV vil føre til blottlegging av noko meir strandline. Dette vil gro til etter kvart og berre vere synleg i ein kortare periode. Tiltaket vil likevel kunne vere noko negativt for friluftslivet under anleggsperioden.

Når det gjeld naturverdiar har vi ikkje kjennskap til andre opplysningar enn det som er vist i søknaden/rapporten. Ulsteindalen kraftverk har ikkje krav om minstevassføring og det går derfor ikkje opp anadrom fisk i Ulsteinelva. Dagens tilstand i vassdraget er etablert over svært mange år og vi er samd i rapporten at ei senking av HRV neppe vil ha nemneverdige konsekvensar på naturmiljøet.

Konklusjon

Fylkesmannen har gått gjennom søknaden. Ut frå våre ansvarsområde kan vi ikkje sjå at tiltaket vil ha særlege negative konsekvensar og vi har ikkje ytterlegare merknader til at søknaden blir godkjent slik den no ligg føre.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE Fylkeshuset 6404 MOLDE
ULSTEIN KOMMUNE Postboks 143 6067 ULSTEINVIK
HAREID KOMMUNE Rådhusplassen 5 6060 HAREID